

## **Tabell 2-fk**

### **Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2023 (kap. 572, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 15 i tabell C-fk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. I 2023 er det foreslått eittårig trekk i innbyggjartilskotet til fylkeskommunane på 800 mill. kroner for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter i 2023. Trekket er foreløpig ikkje fordelt mellom fylkeskommunane.

Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2024. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2023 er viste i innleiinga og er omtala nærmere i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2022. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2023.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løyinga på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med ei særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i alt 42,489 mrd. kroner. Av dette blir om lag 4,2 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling, inkludert eit ufordelt trekk i innbyggjartilskotet på 0,8 mrd. kroner frå fylkeskommunar med ekstraordinære konsesjonskraftinntekter. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar per 1. juli 2022 til alle fylkeskommunane. For 2023 er innbyggjartilskotet før omfordeling 6 872 kroner per innbyggjar (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C).

### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumenterte nærmere i tabell A-fk.

### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser summen av dei 14 sakene med ei særskild fordeling i 2023. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærmere dokumentert i tabell C-fk.

**Kolonne 4 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning**

Kolonne 4 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2023, i alt 42,489 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular og sakene med særskild fordeling. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3. Kolonnen er også vist i tabell 1-fk, kolonne 1.